

Saksframlegg

Saksbehandlar: Finn Ivar Lied, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/1019-8

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021, godkjenning

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vert vedteken slik den ligg føre.

Fylkesdirektøren rår Hovudutvalet for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Som saksordførar vert vald: _____

Vedlegg:

1. Utkast til handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021.
2. Fråsegn frå fylkesrådet for eldre
3. Fråsegn frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
4. Fråsegn frå Bremanger kommune

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 er ei vidareføring av gjeldande plan for perioden 2014 – 2021. Saman med trafikktryggingstiltak føreslege i Regional transportplan 2018 – 2027 vil planen gje føringar for kva som skal prioriterast dei komande fire åra innan trafikktrygging. Hovudfokuset i planen vil vere tiltak som er retta mot å endre haldningar til aktørar i trafikken.

Det har vore oppnemnd ei eiga arbeidsgruppe som har hatt ansvar for arbeidet med planen. Nullvisjonen og etappemål for Sogn og Fjordane er førande for all trafikktryggingarbeid i fylket. Etter analyse av trafikkulucker, evaluering av førre handlingsplan og innspel frå medlemmer av arbeidsgruppa, har vi fire satsingsområde: sikringsutstyr, rusførebygging, Trafikksikker kommune og trafikkåtferd.

Under dei fire satsingsområda er det sett opp målsettingar, strategiar og tiltak som skal støtte opp under overordna etappemål og nullvisjonen.

2. Bakgrunn for saka

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2014 – 2017 vart godkjend i fylkestinget 10. desember 2013 i sak 44/13. Handlingsplanen skal rullerast kvart 4. år. Fylkestrafikktryggingutvalet (FTU) har difor fått utarbeidd ein fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging for perioden 2018 – 2021.

Historikk - tidlegare vedtak

I møte i Fylkestrafikktryggingsutvalet 14.02.17, sak 4/2017, vart framdriftsplan for arbeidet med ny handlingsplan for trafikktrygging godkjend. I møte i Fylkestrafikktryggingsutvalet 26.09.18, sak 8/2017, vart Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vedteken lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 03.11.17.

2. Arbeidet med planen

Saman med trafikktryggingstiltak føreslege i Regional transportplan 2018 – 2027 vil planen gje føringar for kva som skal prioriterast dei komande fire åra innan trafikktrygging.

Proessen med utarbeiding av handlingsplan for trafikktrygging er endra i høve til tidlegare. Tidlegare er det gjennomført trafikktryggingsanalysar og analysar på ulukker både i samband med Regional transportplan og handlingsplan for trafikktrygging. Alt analysearbeid er no utført som ein del av analysearbeidet i Regional transportplan. Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 er difor utarbeidd med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget til Regional transportplan.

Trafikktrygging dreier seg om både fysiske tiltak og haldningsskapande arbeid for å unngå ulukker med drepne og skadde. Gjennom Regional transportplan vil det bli vurdert og prioritert fysiske tryggingsstiltak. Hovudfokuset i Handlingsplan for trafikktrygging vil vere tiltak som er retta mot å endre haldningar til aktørar i trafikken.

Det vart oppnemnd ei eiga arbeidsgruppe som har hatt ansvar for det konkrete arbeidet med planen. Arbeidsgruppa har vore beståande av deltakarar frå fylkeskommunen, Statens vegvesen, Trygg trafikk, politiet og ein representant frå køyreskulane i fylket. FTU utnemnde Gunn Sande, Harald Bjarte Reite og Bjørn Hollevik som politiske medlemmar til arbeidsgruppa i møte 14.02.2017.

3. Satsingsområde og mål i handlingsplanen

Den overordna nasjonale visjonen for trafikktryggingsarbeidet er 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken. Nullvisjonen er nedfelt i Nasjonal transportplan og vil vere førande for arbeidet med trafikktrygging både nasjonalt, regionalt og lokalt. Sogn og Fjordane sin visjon for trafikktryggingsarbeidet vil difor vere 0 drepne og 0 varig/hardt skadde i trafikken.

Med nullvisjonen som fundament har ein nasjonalt innført etappemål som også er gjeldande for Sogn og Fjordane. For fylket vårt er målet å redusere talet på drepne og hardt skadde til 16 personar i 2024, ein nedgang på 40 prosent i forhold til talet i 2016. Eit slikt ambisiøst talfesta etappemål vil krevje målretta og samordna satsing på trafikktrygging.

I tidlegare handlingsplanar har satsingsområda vore basert på grupper i samfunnet, som til dømes unge, eldre, foreldre. For perioden 2018 – 2021 vil satsingsområda i planen ta utgangspunkt i meir trafikantretta tiltak/fokusområder som igjen tener ulike målgrupper.

Etter analyse av trafikkulukker-, evaluering av førre handlingsplan og innspel frå medlemmer av arbeidsgruppa har ein valt følgjande fire satsingsområder med tilhøyrande målgrupper for perioden 2018 – 2021:

Satsingsområde	Målgruppe
Sikringsutstyr	Foreldre, ungdom og eldre
Rusførebygging	Unge
Trafikksikker kommune	Kommunane
Trafikkåtferd	Ungdom og vaksne bilførarar

Under dei fire satsingsområda er det sett opp målsettingar, strategiar og tiltak som skal støtte opp under overordna etappemål og nullvisjon.

Satsingsområde 1: Sikringsutstyr

Under dette satsingsområdet er det føreslege følgjande to hovudmål:

1: Auka bruk av godkjend sikringsutstyr:

Alle trafikantgrupper skal bruke godkjend sikringsutstyr for å unngå drepne og skadde i trafikken. Med sikringsutstyr meiner vi bruk av bilbelte, rett bruk av barnestolar, refleks, hjelm og lys. Det er

ei målsetting om auka bruk av refleks blant forgjengarar og at alle sykklistar nyttar refleks og lys i mørke. Vidare er det ei målsetting at alle barn skal nytte sykkelhjelm ved sykling.

For å nå dette målet er det lagt opp tre ulike strategiar:

- Informasjon, kampanjar og kontrollar
- Sikring av barn i bil
- Bruk av refleks og sykkelhjelm

Tiltaka her rettar seg mot alle målgrupper, men vil i forhold til tidlegare ha særskilt fokus retta mot innvandrarar frå ikkje-vestlege land.

2: Riktig bruk av sikringsutstyr i bil

Feil bruk av sikringsutstyr i bil medfører dødsfall og hardt skadde som kunne vore unngått med rett bruk av sikringsutstyr. Statens vegvesen har hatt stor fokus på at alle nyttar bilbelte, men det har til no vore lite fokus på riktig bruk av sikringsutstyr. Til dømes bør barn i barnestol sitte bakovervendt til dei er fire år.

For å nå dette målet er det lagt opp til ein strategi med informasjon, kampanjar og kontrollar. Tiltaka vil rette seg mot alle trafikantgrupper.

Satsingsområde 2: Rusførebygging

Sjåførar som er påverka av rus er, saman med høg fart, rekna for å vere den einskildfaktoren som aukar risikoen for trafikkulukker mest. Både alkoholpåverka sjåførar og aktørar i trafikken som er under påverknad av andre rusmidlar utgjer ein monaleg risiko for både seg sjølv og sine medtrafikanter.

I framlegget til handlingsplan er det eit mål å redusere tal ulukker i trafikken der rus er ein medverkande årsak. Måloppnåing på dette punktet krev fleire og betre kontrollar og testing, samt fleire og betre informasjonskampanjar. Det er mellom anna peika på viktigheita av å vise ungdomar konsekvensane av å køyring i ruspåverka tilstand slik at ein påverkar haldningar til køyring i ruspåverka tilstand tidlegast mogleg.

For å nå dette målet er det lagt opp til følgjande to strategiar:

- Kontroll og testing
- Synleggjere konsekvensane av køyring i rus

Målgruppene for dette satsingsområdet er i utgangspunktet alle sjåførar. Særskilt fokus skal rettast mot ungdomsskulelevar, ungdom i alderen 16-19 år, samt lærarar ved ungdomsskular og vidaregåande skular.

Satsingsområde 3: Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er ei godkjenningsordning for kommunane utvikla av Trygg Trafikk for å bevisstgjere kommunane på verdien av – og å bidra til eit systematisk trafikktryggingarbeid på tvers av sektorar.

Kriteria for godkjenning som «Trafikksikker kommune» byggjer på eksisterande lovverk og pålegg ikkje kommunane oppgaver utover dette, men er ei hjelp til å systematisere arbeidet.

I framlegget til handlingsplan er det eit mål at 10 kommunar skal vere godkjend som Trafikksikker kommune i perioden 2018 – 2021. Vidare er det ei målsetting at alle kommunar i fylket skal byrje prosessen med å bli Trafikksikker kommune i løpet av planperioden. Fylkeskommunen vil vurdere om det er aktuelt å sette i gang ein prosess med å bli godkjend som ein trafikksikker fylkeskommune.

For å nå dette målet er det lagt opp til følgjande to satsingsområde:

- Alle kommunar skal starte prosessen med å bli trafikksikker kommune.
- Arbeide mot fleire Trafikksikre skular og barnehagar. Før kommunane vert godkjende som Trafikksikker kommune kan barnehagar og skular godkjennast som Trafikksikker barnehage eller Trafikksikker skule. I perioden 2018 – 2021 bør 50 barnehagar og 30 skular vere godkjende som Trafikksikre barnehagar og Trafikksikre skular.

Her er til dømes workshopmøter saman med Trygg trafikk, nettverkssamlingar og diverse kurs aktuelle tiltak som er foreslått i planen.

Målgruppene for dette satsingsområdet er kommunane, barnehagar, barne - og ungdomsskular, samt fylkeskommunen.

Satsingsområde 4: Trafikkåtferd

Høg fart, samt aggressiv og omsynslaus åtferd, verkar skremmande og gjev medtrafikanter mindre kjensle av tryggleik og trivsel i trafikken. Brot på vikepliktsreglane, ulovlege forbikøyringar, køyring mot raudt lys og for kort avstand til bilen framom er døme på åtferd som kan føre til alvorlege ulykker i trafikken. Politiet utfører åtferdskontrollar for å få aggressive førarar til å endre åtferda si i trafikken.

I framlegget til handlingsplan er det eit mål at alle i trafikken skal vise god trafikkåtferd, og at alle skal ferdast omsynsfullt og vere aktpågevendende og varsame i trafikken slik at det ikkje oppstår fare eller vert valda skade. For å nå dette målet er det lagt opp fire ulike strategiar:

- Påverke vegfarande til å ta omsyn til andre trafikantrar
- Få ned fartsnivået
- Bruk av virtuelle hjelpemiddel under sjåfør opplæring
- Redusere omfanget av risikofylt transport/køyring

Målgruppene for dette satsingsområdet er i utgangspunktet alle bilførarar og syklistar. Særskilt fokus vil vere retta mot elevar i grunnskule og vidaregåande skule, lærlingar, barnehagepersonell, lærarar, køyreskular og eldre bilførarar (65+).

3. Høyring

Høyringsutkastet til handlingsplan for trafikktrygging vart vedteke lagt ut på høyring etter møte i Trafikktryggingsutvalet 12.09.17 (sak nr. 17/1019-4), med høyringsfrist 3.november 2017.

Handlingsplanen vart sendt på høyring til fylkeskommunen sine samarbeidspartnarar innan trafikktrygging, samlege kommunar i fylket og andre aktuelle organisasjonar. Høyringsfrist vart sett til 03.11.2017, og det kom følgjande fråsegner:

- Fråsegn frå fylkesrådet for eldre
- Fråsegn frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Fråsegn frå Bremanger kommune

Alle fråsegnene vil vere vedlagt saka.

4. Vurderingar og konsekvensar

Dei fleste foreslegne tiltaka vil i utgangspunktet ikkje ha økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen ut over dei løyvingane som går til trafikktrygging.

Det kan i denne samanhengen likevel vere verdt å trekke fram tiltaket om innkjøp av virtuelle hjelpemiddel (køyresimulator, VR-briller o.l.) til bruk under sjåfør opplæring (tiltak under satsingsområde Trafikkåtferd). Det er foreslått å finansiere dette ved bruk av TIK-midlar og fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar. Det vil bety noko mindre tilskotsmidlar til fordeling på ulike tiltak det året dei virtuelle hjelpemidla vert kjøpt inn.

Det er per dags dato ikkje teke stilling til kor mange slike virtuelle hjelpemiddel som skal kjøpast inn eller kvar dei eventuelt skal plasserast ut.

5. Konklusjon og tilråding

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021 er ei vidareføring av gjeldande plan for perioden 2014 - 2017. Tiltak, strategiar og målsettingar i planen støttar opp om nullvisjonen, samt etappemålet for drepne og hardt skadde i Sogn og Fjordane. Vidare er målsettinga at planen skal vere eit arbeidsverktøy for trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane dei neste fire åra.

Arbeidet med handlingsplan for trafikktrygging har vore eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, politiet og køyreskulane. Ein del tiltak står fylkeskommunen sjølv ansvarleg for, men dei fleste tiltaka står Statens vegvesen, Trygg Trafikk, politi, og køyreskulane ansvarlege for. Fylkeskommunen har ei koordinerande rolle i trafikktryggingsarbeidet.

Fylkesrådmannen tilrår at Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021 vert vedteken som den ligg føre.

Det er lagt opp til at saka kan fremjast overfor fylkestinget av saksordførar.